

Saksbehandlar: Kenth Rune T. Måren, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 15/11563-3

Høyring - delrapport Karriereveiledning i en digital verden

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for opplæring til å gje gjere slikt vedtak:

1. Forslaget om at nettstaden skal ha ei brei målgruppe:
Hovudutvalet for opplæring støttar delrapporten sitt forslag om at nettstaden skal ha heile befolkninga som målgruppe. Den digitale rettleiinga må likevel ikkje erstatte fysiske rettleiingsmøte t.d. i skule og karrieresentre, men vere eit supplement til denne.
2. Forslaget om og innretninga av offentlig finansiert og drifta nettbasert karriererettleiing, såkalla e-rettleiing:
Hovudutvalet for opplæring støttar at nettstaden og e-rettleiingstenesta skal vere integrert i eit samla karriererettleiingstilbod med Kunnskapsdepartementet som eigar. Drifta vert lagt til Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi). Difi har ansvar for digitalisering av offentlege tenester, forvaltning og utvikling av fellesløysingar. Dei fylkesvise karrieresentra må få ei sentral rolle i e-rettleiinga for å skape ei heilskapleg karriererettleiingsteneste.
3. Nettstaden si innretning og innhald – òg delinga mellom informasjon og sjølvhjelpsressursar. Hovudutvalet for opplæring støttar utvalet si anbefaling om ei tredeling av innhaldet:
 - Informasjon
 - Sjølvhjelpsressursar
 - E-rettleiingPrinsippet om «ei-dør-inn» må takast vare på, og det må samarbeidast på tvers av etatar for å sikre eit kvalitativt godt innhald.
4. Grenseflatene mellom den anbefalte løysinga og andre aktørar sine tilbod, som nav.no. Hovudvalet for opplæring støttar delrapporten sine anbefalingar om klare linjer for ansvarsdeling mellom aktørane.
5. Dei organisatoriske og forvaltningsmessige anbefalingane
Hovudutvalet for opplæring støttar at Kunnskapsdepartementet vert eigar av nettstaden og e-rettleiingstilbodet. Det er vidare avgjerande at det vert tilført friske midlar til e-rettleiingstenesta, og at ho ikkje vert finansiert ved å disponere om på midlane til den eksisterande karriererettleiingstenesta.
Hovudutval for opplæring meiner at Difi vert ansvarleg for drift av nettstaden, men ein større del av årsverka må bli lagt til fylka og til karrieretenesta.

[::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑](#)

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

Vedlegg:

1. Høyringsbrev
2. Brev om utsetting av høyringsfrist

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Karrierveiledning i en digital verden - delrapport fra karriereveiledningsutvalet.

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn

Kunnskapsdepartementet har sendt på høyring delrapporten *Karriereveiledning i en digital verden*. Sogn og Fjordane fylkeskommune har fått utsett høyringsfristen til 24. februar, jf vedlagt brev frå Kunnskapsdepartementet. Rapporten er utarbeidd av eit karriererettleiingsutval nedsett av regjeringa 27. mars 2015. Bakgrunn for at utvalet vart nedsett, er Kunnskapsdepartementet si oppfølging av OECD-rapporten «Skills Strategy» som anbefalte å utvikle eit heilskapleg system for livslang karriererettleiing i Norge. Hovudrapporten frå utvalet skal leverast i april 2016. I tillegg fekk utvalet i oppgåve å levere ein delrapport som greier ut om karriererettleiing på nett kunne bli ein integrert del av eit heilskapleg system for livslang karriererettleiing.

Samandrag

Utvalet anbefaler at det vert etablert ein offentleg nettportal inn til eit karriererettleiingstilbod på nett (e-rettleiing). Portalen må vere lett tilgjengeleg og på fleire språk, med tilbod om profesjonell og kvalitetssikra karriererettleiing tilpassa alle grupper. Tenesta skal vere eit supplement til det fysiske tilbodet vi har i dag.

Norge må ta i bruk den samla kompetansen i folket for å sikre konkurransekraft og velferd i framtida. I rapporten vert det hevda at i dag greier vi ikkje å utnytte kompetansen godt nok, og det er ikkje godt nok samsvar mellom arbeidslivet sine behov og den enkelte sin kompetanse.

Utvalet meiner at karriererettleiing på nett kan vere eit kostnadseffektivt bidrag til raskare omstilling, auka gjennomføring i utdanningssystemet, og betre utnytting av kompetansen til grupper som i dag fell utanfor arbeidslivet.

Eit offentleg finansiert karriererettleiingstilbod på nett kan vidare bidra til

- Å sikre eit likeverdig tilbod
- Auka tilgang til karriererettleiing
- Meir effektiv ressursutnytting
- Tilgang til kvalitetssikra informasjon

Delrapporten sine hovud anbefalingar kan samanfattast slik:

- Nettstaden bør vere offentleg finansiert og drifta med utgangspunkt i utdanning.no. Det vert anbefalt at Kunnskapsdepartementet eig og driftar nettstaden og at han vert etablert som ein eigen eining ved Senter for IKT i utdanninga.
- Nettstaden skal tilby karriereinformasjon, sjølvhjelpsressursar og e-rettleiing.
- Den nett-baserte karriererettleiinga skal vere ein integrert del av eit heilskapleg system for karriererettleiing. Brukarane skal sjølv vurdere om dei har behov for ansikt-rettleiing, e-rettleiing, bruk av informasjon og sjølvhjelpsressursar, eller ein kombinasjon av desse.
- Tilbodet skal nyttast i grunnopplæringa, til dømes i faget utdanningsval, prosjekt til fordjuping eller arbeidslivsfaget

- Delrapporten rår til ei bemanning med 24 årsverk, derav 14 på heiltid ved Senter for IKT i Tromsø. Vidare vert det lagt til grunn at minimum 19 personar skal jobbe deltid som e-rettleiingar rundt i landet, i praksis minimum 1 i kvart fylke. Storleiken på teamet i Tromsø vert grunngeven ut frå krav til tilgjenge (dag, kveld, helg), samt behov for å sikre kvalitet og profesjonalitet i tenesta.
- Det vert etablert eit eige redaksjonsråd og ei referansegruppe. Utvalet føreslår at redaksjonsrådet består av Senter for IKT, Vox, Udir og Imdi. Ei større referansegruppe, med relevante aktørar på feltet, deriblant anna partane i arbeidslivet, vert òg invitert.

Høyringsbrevet frå Kunnskapsdepartementet

Kunnskapsdepartementet har i høyringsbrev datert 4. november, bede om uttalar spesielt knytt til:

1. Forslaget om at nettstaden skal ha ei brei målgruppe
2. Forslaget om og innretninga av offentlig finansierte og drifta nettbaserte karriererettleiing, såkalla e-rettleiing.
3. Nettstaden si innretning og innhald – òg delinga mellom informasjon og sjølvhjelpsressursar.
4. Grenseflatene mellom den anbefalte løysinga og andre aktørar sine tilbod, som nav.no.
5. Dei organisatoriske og forvaltningsmessige anbefalingane.

Fylkesdirektøren sine vurderingar

Grunnopplæringa har ansvar for karriererettleiing. Dette vert primært ivareteke av rådgjevarar i grunn- og vidaregåande skular, fylkesvise karriererettleiingssenter og rettleiingar i universitet og høgskule. I tillegg har NAV ei rolle for sine målgrupper.

I Sogn og Fjordane er den fylkesvise partnarskapen for karriererettleiing no under omorganisering, som følgje av Fylkestinget sitt vedtak i juni 2015. Ein føreset likevel at partnarskapen vil halde fram, og at partnarskapen si karriererettleiingsteneste vert ein viktig aktør i høve til utvalet sine anbefalingar i delrapporten.

Fylkesdirektøren meiner det fortsatt vil vere viktig å ha eit rettleiingstilbod «ansikt til ansikt», men at det som eit supplement til dette bør utviklast eit offentleg finansierte tilbod i form av nettstad og e-rettleiingsteneste. Dette vil auke kapasiteten og tilgangen, bidra til ein meir effektiv ressursutnytting og sikre kvaliteten på innhaldet av informasjonen. Særleg i eit fylke som Sogn og Fjordane med spreidd busetnad, vil eit slikt tilbod auke tilgangen for ei større gruppe av befolkninga.

Fylkesdirektøren sine uttalar i høve punkta i høyringsbrevet:

1) Forslaget om at nettstaden skal ha ei brei målgruppe:

Fylkesdirektøren støttar delrapporten sitt forslag om at nettstaden skal ha heile befolkninga som målgruppe. Den digitale rettleiinga må likevel ikkje erstatte fysiske rettleiingsmøte t.d. i skule og karrieresentre, men vere eit supplement til denne, ut frå dei behova brukaren har. E-rettleiing vil vere viktig i regionar med lang veg til karrieretenesta. Nettstaden må vere tilgjengeleg på fleire språk, og såleis vere eit viktig verktøy for å ta i bruk innvandrarar sin kompetanse.

Særskilt bra er det at karriererettleiarar/rådgjevarar i grunnopplæringa, lærarar og opplæringstilbydarar i dei ulike sektorane kan konsultere e-rettleiingarane. Ein felles offentleg nettstad for alle aktørar gir eit godt grunnlag for felles forståing, samhandling og kunnskapsdeling og kan bidra til eit heilskapleg system.

2) Forslaget om og innretninga av offentlig finansiert og drifta nettbasert karriererettleiing, såkalla e-rettleiing:

Fylkesdirektøren støttar at nettstaden og e-rettleiingstenesta skal vere integrert i eit samla karriererettleiingstilbod og at Kunnskapsdepartementet skal vere eigar. Fylkesdirektøren meiner at ein bør vurdere å legge drifta til Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi). Difi har ansvar for mellom anna digitalisering av offentlege tenester, forvaltning og utvikling av fellesløysingar. I tillegg er ei viktig oppgåve for Difi å førebygge IKT- tryggleik i forvaltninga. Eit av hovudmåla for Difi sitt oppdrag er å bidra til økt samordning i offentlig sektor. Fylkesdirektøren meiner at Utdanning.no allereie er ein godt utvikla nettstad for utdanningsinformasjon i landet, som fylkesdirektøren er einig i at det vil vere naturleg å byggje vidare på.

Vidare meiner fylkesdirektøren at dei fylkesvise karrieresentra bør få ei sentral rolle i e-rettleiinga. Karrieresentra tilbyr allereie gratis karriererettleiing til alle over 19 år og bidreg til kompetanseheving av rådgjevarar i grunnopplæring og NAV. Ved å knytte e-rettleiarane i fylka til karrieresentra, vil det bidra til å skape ei heilskapleg karriererettleiingsteneste.

3) Nettstaden si innretning og innhald – òg delinga mellom informasjon og sjølvhjelpsressursar.

Fylkesdirektøren støttar utvalet si anbefaling om ei tredeling av innhaldet:

- Informasjon
- Sjølvhjelpsressursar
- E-rettleiing

Det er viktig at nettstaden tek vare på prinsippet om «ei-dør-inn», slik at det vert den naturlege staden for alle å oppsøke for å få informasjon og rettleiing i utdannings- og karriererelaterte spørsmål. For å oppnå dette, krev det høg grad av kvalitet på innhaldet både på informasjons- og sjølvrefleksjons-delen, og brei og god kompetanse hos e-rettleiarane. Sjølvrefleksjonsressursane må bidra til at karrierekompetansen hos brukaren vert auka, da denne kompetansen hos befolkninga er viktig i eit raskt omskifteleg arbeidsliv.

Fylkesdirektøren meiner at det må samarbeidast på tvers av etatar for å sikre eit kvalitativt godt innhald, t.d. når det gjeld informasjon om arbeidsmarknad og framtidig kompetansebehov.

4) Grenseflatene mellom den anbefalte løysinga og andre aktørar sine tilbod, som nav.no.

Fylkesdirektøren støttar utvalet sin anbefaling om ein samla nettstad som vert gjort kjend for heile befolkninga og som gjev brei og kvalitetssikra informasjon. Utdanning.no i ein utbygd utgåve bør vere plattform for den nye felles nettstaden. Det er likevel viktig at der grenseflatane vert tette mellom ny nettstad og dei etablerte som t.d. vilbli.no og nav.no, må det trekkast opp klare grenselinjer for kven som har ansvar for kva, og dermed hindre «dobbeltarbeid». Difi har her ei sentral oppgåve. Dette vil spesielt gjelde dei lovpålagde informasjonsoppgåvene vilbli.no og nav. no har. Sjølvhjelpsressursane er det derimot naturleg å leggje inn i den nye nettstaden.

5) Dei organisatoriske og forvaltningsmessige anbefalingane.

Fylkesdirektøren støttar at Kunnskapsdepartementet, med ansvar for den nasjonale kompetansepolitikken, vert eigar av nettstaden og e-rettleiingstilbodet. Det er samtidig viktig at det vert eit tett samarbeid med arbeidsmarknads – og integreringsmyndigheitene slik som utvalet føreslår. Tenesta må sjåast i samanheng med andre digitale informasjonssystem m.a norge.no .

Utvalet legg til grunn at det vert tilført friske midlar til e-rettleiingstenesta, og at ho ikkje vert finansiert ved å disponere om på midlane til den eksisterande karriererettleiingstenesta. Dette er etter fylkesdirektøren si meining heilt avgjerande for å opprette e-rettleiingstenesta.

Fylkesdirektøren set derimot spørsmål ved utvalet si fordeling av årsverka mellom eininga i Tromsø og fylkeskommunane, og meiner at ein større del må bli lagt til fylka og til karrieretenesta. Rettleiarane i karrieresentra må både ha fagleg god rettleiings-kompetanse og god lokalkjennskap til grunnopplæringa , arbeidsliv, NAV, attføringsbedrifter osv. i fylket, for å få best mogleg kvalitet på tenesta. Dessutan vil tilsette som arbeider med e-rettleiing i sentra, opparbeide seg ny kompetanse som kan brukast til kompetansebygging av andre rettleiarar i fylket. Fylkesdirektøren fryktar at desse komponentane i ei heilskapleg karriererettleiarteneste ikkje vert ivareteken like godt om ein så stor del av årsverka vert sentraliserte.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)